

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUGDato: 15.06.2016
Vår ref.: 2016/5483-2
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: 16/1070-16/11127

Att. Lillian Straumøy Brakstad

Kulturminnefagleg fråsegn - Meland - gnr 16 bnr 4 - dispensasjon - oppattgrøfting av jordbruksarealet - Meland kommune

Viser til brev datert 02.06.2016 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Området som skal drenerast ligg mellom Meland gamle kyrkjestad med mellomalderkyrkjegard (Askeladden-id. 156372) og listeført Meland kyrkje (Askeladden-id. 84933). Det aktuelle arealet har difor potensial for funn av automatisk freda kulturminne.

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlige merknader til tiltaket, men vi ber tiltakshavar om å ta kontakt med arkeolog Monika Serafinska v/Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune når gravearbeidet er i gong og før grøftene er fylt igjen. Vi vil då vurdere om det er naudsynt med ei synfaring på staden for å sjekke grøftene for eventuelle funn. Monika Serafinska er tilgjengeleg på telefon 55 23 91 80 og på e-post monika.serafinska@hfk.no.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservatorMonika Cecylia Serafinska
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.